

REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 18.08.2017

STAD: Lync

NAMN	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Anne Strand Alfredsen Larsen	Prosesskoordinator		X
Lena Bjørge Waage	Prosesskoordinator	X	
Trine Kvalheim	Prosesskoordinator/Kommunikasjonsdirektør	X	
Audun Krøvel	Medlem	X	
Knut Nautvik	Medlem	X	
Kari Marie Remø Nesseth	Medlem		X
Manuela Strauss	Medlem		X
Inge Lode	Medlem	X	
Hans-Christian Ofstad	Medlem		X
Trine Sperre	Medlem		X
Berit Teige	Medlem	X	
Øyvind Eriksen	Medlem	X	
Øystein Lian	Medlem		X
Kristen Rasmussen	Medlem		X

Andre:

Lars Erik Berg v/SEMCO på saka om bygningsmessig utviklingsplan.

Therese Istad, rådgivar Forsking, innovasjon og utvikling

Magne Rødstøl, Controller Økonomiavdelinga møtte for Trine Sperre

AGENDA

- Velkomne
- Endringar i sammensetjing
- Bygningsmessig utviklingsplan v/ Lars Erik Berg SEMCO
- Mandat, referat, protokoll styringsgruppa 6.juni
- Status utviklingsplan – generelt
- Status klinikk og stab
- Status FIUK
- Status SNR
- Kommunikasjon
- Gjennomgang av saker til styringsgruppemøte 22. august
- Drøfting, avklare viktige oppfølgingspunkt
- Evt.

Endringar i samansetning

Prosesskoordinator i utviklingsplanen, Anne S. A. Larsen, går inn i eit doktorgradsløp, men 25 % av stillinga vil vere knytt til utviklingsplan.

Prosessleiar utviklingsplan, Karl-Arne Remvik, er gått over i ny stilling som klinikkisjef for psykisk helse og rus.

Sjukehuskoordinator i Volda, Knut Nautvik, er ny representant inn i gruppa, sjukehuskoordinator i Volda.

Seksjonslege onkologi kreftavdelinga, Gunnar Indrebø, går ut av gruppa, erstattar frå klinikk for medisin er ikkje klar.

Bygningsmessig utviklingsplan

Lars Erik Berg frå SEMCO orienterte.

- Arbeidet har deltakarar frå ulike klinikkar og tillitsvalde/verneteneste. Mandatet omfattar alle institusjonar i HMR utanom SNR. Den bygningsmessige utviklingsplanen har same interne frist som den verksemdsmessige utviklingsplanen, den 1. oktober. Dette gir auka behov for samordning fordi den bygningsmessige planen vanlegvis kjem i etterkant av den verksemdsmessige utviklingsplanen.
- Gruppa har brukt den første tida til å samle data, og til å besøke institusjonane. Ønsker å utfordre styringsgruppa på at den bygningsmessige planen også bør sjå på driftsprinsipp og arbeidsformer som kan verke inn på utviklinga av bygningsmassen i Ålesund og Volda.
- Arbeidet må no raskt inn i ein kreativ prosess. Har med seg driftsprinsippa i SNR og ei behovsliste etter innspel frå verksemda. Dette er ei foreløpig liste som det skal arbeidast vidare med framover. Mellom anna er det nye trafikk-knutepunktet ved Ålesund sjukehus eit moment som må vurderast.
- Planen skal ikkje gå inn på tilstanden til bygga, men moglegheitene som ligg i dei.

Innspel:

- Bør vurdere Legevakta i Ålesund sin tilgang til akuttmottaket ved Ålesund sjukehus. I dag er det ein omkøyning via hovudveg for å komme til sjukehuset. Bør ein sjå på ein kortare veg?
- Om ein ikkje utvider arealet i sjukehuset vil ei omdisponering av areal kunne gi ei dominoeffekt internt. Må sjå på dette i ein heilskap.
- Kan sende konstruktive og kritiske innspel til Lars Erik Berg på e-post: lars.erik.berg@semco.no

Viser til utsendt presentasjon som er brukt i møter for å presentere arbeidet.

Mandat koordineringsgruppa

Lena Bjørge Waage gjekk kort gjennom mandatet.

Status utviklingsplan generelt

Sidan sist:

Styringsgruppemøte den 6. juni – gjennomgang av tema som blei tatt opp.

- Reorganisering av innsatsområdet «Nok helsepersonell med rett kompetanse» der ein også inkluderer kommunar. I tillegg blir Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund blir tatt inn som ein del av arbeidet.
- Teknologi og innovasjon. Styringsgruppa ville skilje omgrepa i utviklingsarbeidet.

Dialogmøte 20. juni med kommunar og helseføretak.

- Føremålet med møtet var orientering og dialog om utviklingsplanarbeidet. 140 deltakarar.
- Tettpakka program der arbeidsgruppene fekk legge fram status for arbeidet.
- Utfordring å få til dei gode diskusjonane når det er så tett i programmet.
- Ønskje om meir kommunal medverknad i utgreiinga av det barnemedisinske tilbodet. I møtet blei det beslutta at helseføretaket skal arrangere eit innspelseminar der kommunar, aktuelle samarbeidspartnarar og interessentar er invitert med ein representant. I møtet kan ein gi innspel til arbeidsgruppa som ser på det heilheitlege barnemedisinske tilbodet i helseføretaket generelt og SNR spesielt. Dato for seminaret er den 14. september i Kristiansund.
- Høyringsperioden for utviklingsplanen vil vere på 6 veker, og startar like etter styremøtet den 25. oktober.

Andre tema:

- Teknologinotat frå regionen (låg i samledokumentet i innkallinga)
- Framskrivingsrapport frå Sykehusbygg er i kjømda
- Kvalitetssikring frå ekstern kvalitetssikrar – HMR har fått god tilbakemelding på arbeidet (var også inkludert i samledokumentet).

Status klinikk og stab

Klinikk for drift og eigedom v/spesialrådgivar Audun Krøvel, avd. for teknologi og utvikling:

- Har vore bidragsytarar til den bygningsmessige utviklingsplanen gjennom innspel og samarbeid med SEMCO. Litt usikre på om dei har fått gitt innspel mellom anna på flyt når det gjeld kjøkken/kantine/varelogistikk.

Klinikk for diagnostikk v/avd.sjef Inge Lode, Avd. for radiologi Ålesund og Volda:

- Fire fagområder, der tre av dei er organisert på tvers av sjukehusa. Fokus er å ha mest mogleg samarbeid og gjere arbeidet mest mogleg effektivt.
- Teknologien gjer at det er enkelt å utveksle informasjon og samarbeide.
- Har fått mandat om å greie ut PET. Første tidsfrist er 30. september, og gjeld utgreiing av konsekvensar for plassering og arealbehov. Neste frist er i desember der ein mellom anna ser på pasientgrunnlag, konsekvensar for tidsplan, økonomi og kompetansebehov.

Økonomi v/controller Magne Rødstøl

- Ingen ny informasjon

HR v/HR-rådgivar Øyvind Eriksen:

- Er involvert og støtter ved behov.

Kommunikasjon v/kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim

- Kommunikasjonsplan blei utarbeidd i årsskiftet 2016/17
- Hovudkanalar for informasjon og kommunikasjon er gjennom direkte møte (ulike møtearenaer) og nettside/intranett.
- Utviklingsplan skal vere tema på alle styremøte, møte i leiargruppa og klinikkråd. Direktøren sine møte ute i sjukehusa med leiarar og tillitsvalde har også inkludert utviklingsplanen som tema.
- På www.helse-mr.no/utviklingsplan ligg referat, presentasjonar og nyheits saker og lenker til relevante saksområde som omhandlar utviklingsplan (samhandlingsmøter).
- I 2017 er det publisert ca 8 saker på nett/intranett som omhandlar tematikk innanfor utviklingsplan.
- Innan kort tid vil nettsida også inkludere informasjon om den bygningsmessige utviklingsplanen.
- Vi må også vurdere kva informasjon som bør vere tilgjengeleg på nett frå arbeidsgruppene.
- Vi planlegg også korleis vi skal gjere utviklingsplanen kjend for målgruppene i høyringsperioden, og vil ha innspel frå fleire på dette.

Sjukehuskoordinator Knut Nautvik, Volda sjukehus:

- Ulikt nivå av informasjon som kjem ut i dei ulike klinikkane. Sjukehuskoordinator kan vere med på å styrke kunnskapen inn i organisasjonen.
- Innspel: Kan sjukehuskoordinatorane vere observatørar i styringsgruppa for å halde seg informert. Eller kan det vere andre møtepunkt lokalt for å sikre god informasjon.

Status FIUK (Forskning, innovasjon, utdanning og kompetanse) v/forskingssjef Berit Teige

- Forskingssjef Berit Teige orienterte om arbeidet der det mellom anna har vore ein diskusjon om innhaldet i mandatet. Einigheit om at kompetanseperspektivet «Nok helsepersonell med kompetanse» ikkje kan sjåast på isolert, men både i eit samhandlings- og eit helseperspektiv.
- Alle gruppeleiarane er snart på plass. Tidsaspektet gjer at drøftingane i klinikkane ikkje blir så involverande som ønskjeleg. Utdanningssektoren og næringslivet burde vore involvert i større grad.
- Møre og Romsdal har nok ei utfordring med tanke på rekruttering. Ser ein på samarbeidet og integrasjon mellom NTNU Trondheim og St.Olav hospital så har vi eit stykke veg å gå.
- Gruppa peiker også på behovet for rekrutteringsstrategi. Møre og Romsdal har utfordringar i forhold til kvinneandelen. Eit anna spørsmål går på kva type kompetanse treng vi sett opp mot teknologi?

[Les meir på eige område på nett.](#)

Dialogmøte og samhandlingskonferanse 30. og 31. oktober

- Utviklingsplanen vert sendt ut på høyring etter styremøtet den 25. oktober.
- Programmet for dialogmøtet blir laga i samarbeid med kommunane og brukarar. Styringsgruppa skal endeleg godkjenne programmet.
 - Viser til utsendt programutkast.

Status SNR

Kjem i neste møte.

Kommunikasjon

Blei tatt opp under status.

Gjennomgang av saker til styringsgruppemøte 22. august

Sakslista for styringsgruppemøte 22. august vart lagt fram for deltakarane.

Evt

Skrivearbeid og koordinering av høyringssvar:

- Korleis skal ein organisere samanstillinga av sjølve utviklingsplanen.
- Kven skal koordinere høyringssvar og vidare vurdere, behandle og innarbeidd i planen.